


Geiteboka mi / Saueboka mi er laga for barn i alderen 6-10 år. Det finst også ei rettleiing med tips for lærarar til arbeid med husdyr. Materiellet kan bestillast i nettbutikken på bondelaget.no

Revidert 2011 - ISBN 978-82-7712-090-4

K A R I R A M S T A D


GEITE- BOKA MI



NYNORSK

**Norges Bondelag
Den grøne skulen**

GEITA OG GEITEBUKKEN



Geita

For at geita skal få mjølk i juret sitt, må ho få killingar kvart år. Geita vert mjølka to gonger om dagen, morgon og kveld.

Om vinteren er geitene i fjøset på garden. Om sommaren beiter geitene i skog og mark eller på fjellet. Geitene kjem alltid tilbake til fjøset der dei skal mjølkast. Mange geiter er på ei seter om sommaren.

Nokre geiter og geitebukkar har horn. Horna til bukkane veks fortare og vert mykje større enn horna til geitene.

Geitebukken

Geitebukken er heime på garden hele året.


Geitebukken vert sleppt saman med geitene slik at dei kan pare seg. Nokre geiter vert kunstig befrukta. På den måten kan dei beste bukkane bli far til killingar på mange gardar. Fem månader etter paring vert killingane fødte.



Gryterett



Pergament



Skinn til bøker



Afrikanske trommer



Semskja jakke



MC-dress

Hoa kallast geit.
Hannen kallast geitebukk.
Ungane kallast killingar eller kje.

Vi får mjølk, kjøt og skinn av geita.
I Noreg er mjølka det viktigaste vi får av geita.
I andre land er kjøt og skinn óg viktig.


Geita er ein drøvtyggar, akkurat som sauene og kua.
Ute et geitene urter, lauv, knoppar, bark og gras.
Det veks ikkje til med busk og kratt der geitene beiter.
Vi seier at geitene pleier landskapet. Inne et geitene høyr, silofôr og kraftfôr.

Geiter er nysgjerrige, og dei er veldig flinke til å klatre og balansere.
Geiter er flokkdyr, dei likar å vere saman i en flokk. Når geiter kviler, liker dei å ha god utsikt. Den geita som ligg høgst oppe er sjefen i flokken.



MC-hanskar

KILLINGEN



Alle killebukkane

Alle killebukkane på haugen sprang,
og spurte om Ola var heime.
Ola si mamma ho svarte nei!
Og alle killebukkane dei blei så lei.


Alle killebukkane på haugen sprang,
og spurte om Ola var heime.
Ola si mamma ho svarte ja!
Og alle killebukkane dei blei så glad.

Geita kan få 1, 2 eller 3 killingar. Det er mest vanleg at ho får tvillingar.

Når en killing er fødd, sleikar geita han rein og tørr. Killingen reiser seg nesten med ein gong, og finn fort fram til spenane til geita. Etter nokre dagar vert killingane flytta til ein eigen bingje. Her får de mjølk, kraffôr og høyr av bonden.

De fleste killingane vert sende til slakteriet tidleg på sommaren. Dei beste killingane får gå saman med geiteflokken heile sommaren. Slik vert dei godt kjende der geitene vanlegvis går. Til våren får dei eigne killingar. Geiter som gir mykje mjølk, får killingar mange år etter kvarandre.

MJØLKA



Geita har eit jur med to spenar.
Mens geitene vert mjølka, får dei krafffôr.

Ei geit gir ca 700 liter mjølk i året.
Bonden sel geitemjølka til meieriet.

På meieriet lagar dei ulike typar kvit og brun ost av geitemjølka.
Det kallast å yste. Nokre bønder lager sjølv ost på garden eller på setra.

Mjølka til ei geit er nok til å lage 80 ekte geitostar i året.
Den vanlegaste brunosten vert laga med berre litt geitemjølkk og mest kumjølkk, då rekk mjølka frå ei geit til 800 brunostar!

